

# Velkommering til Ivarsk-Amerikaman

nebre

Det var for 14-15 år sidan eg sat på toget  
frå Stavanger til Ekersund.

I same vogni sat det tvo konor og prata, ei gamal  
jærkona og ei som hadde vore i Amerika ei tid.

So sa den gamle bondekona frå Jæren: "Du lengta  
vel heimatt sume tider der burte?"

Den andre svara: "Å langt ifrå. Det er berre tos-  
kane som lengtar heimatt frå Amerika."

No vil eg få spyrge: Er det sant dette svaret?

Men i grunnen treng eg ikkje spyrge.

For hadde det vore sant, so sat de ikkje her alle  
de som <sup>har</sup> reiser <sup>t i</sup> tusundvis av mil yver land og

hav for enno ein gong å få sjå Blåberglandet  
stiga upp i synsrandi. Nei, de er ikkje komne

hit for ~~de~~ vil visa dykk, men det er heimlengten  
som har drive ~~dykk~~. Eg veit,

og me alle veit at det er ikkje toskane som  
lengtar heimatt. Men det er dei djupaste og

finaste menneski. Det er dei som kjenner inn

og veit at livet ikkje er berre mat og dans. Det var i 1864 at Henrik Ibsen reiste til utlandet innete forarga på fedreland og folk. Han lova dyrt på at han aldri skulde koma heimatt. Men det var ikkje lenge etterpå han skreiv:

"Til snelandets hytter fra solstrandens krat rider en rytter hver eneste nat."

Han var ingen tosk, Men den vidast kjende diktar norsk jord har ale.

Det var i juli månad i fjor eg var ute på ein farm i Saskatchewan. Det var so fin ein ~~dag~~ kveld med ein varm bris yver prerien og tusund stjerner på ein myrkblå himmel. Då sa kona på garden:

"Du ser at alt her ute er so ulikt det me hadde heime på Vestlandet. Men ein ting er likt, og det er månen og stjernone. Og du veit ikkje kor mang ein kveld eg har stade her ute på tunet og set upp mot himmelen og tenkt: No står gjerne han far og ho mor der heime og ser upp mot den same månen og dei same stjernone som eg. og tenkjer på meg som eg på dei. Og eg tykkjer det har ~~gjort~~ gjort meg so godt."

Dette er like fint og poetisk som den store diktaren sa det, berre meir einfelt og skyneleg for oss alle.

Alle som har vit på skog, veit at eit tre utan røter kann ingi kruna bera. Men til djupare røtene går, til tryggare står stomm og kruna i allslags ver. Og me veit at treet syg meir nøring til seg gjennom røtene enn gjennom greinene.

Sameleis er det med eit menneske og.

Sume ungdomar trur dei er berre frå idag.

Og dei lever som flagrande døgerflugor, utan fortid, og difor og utan framtid.

Men dei narrar seg sjølve syrgjeleg.

Nei me veks alle av lange røter og hentar kraft langt attende i ætti. Det har me i tusundtal av prov på. Tileldre me vert, til klårare ser me det. Det er lov for plantar. Det er endå meir lov for menneske. Tyskaren Herder har fyrst og sterkast forkynt læra um rotkjensla.

Me andre, vanlege menneske kjenner at denne læra er rett. Og til djupare og varmare me er,

til meir er dette levande hjå oss.

Me har sakte alle møtt norsk-amerikanarar som ingen ting har skyna av dette. Men det er anten mindreverdige yverflatemenneske, eller det er slike som er fortrea eller forsteina i ein hardsett "struggle for life".

Men aldri har eg møtt denne læra um rotkjensla sterkare forkynt enn hjå dei djuptenkte og langsynte norskdomsførarane i Statane og Kanada.

Inderleg og yvertydande la dei ut um at skulde utflytjarane våre leva eit verdigt menneskeliv i den nye verdi, so måtte dei verna um dei norske røtene og suga kraft av dei.

Det var endå meir naudsynleg for dei enn for oss her heime. For dei skulde bera ei krone under ein framand himmel. Og skulde det norske målet ha noko som helst slag von um å leva der burte, so måtte dei få tilførsel av det norskaste og friskaste her heime.

Me trur att de som er samla her i dag og som nett har sett føtene på norsk jord, meiner det same. Difor ynskjer me dykk av hjarta velkomne.

Lat meg segja som det er til: Me er byrge av dykk.  
Me har høyrst um eller set arbeidet dykkar der vest.  
Me kjenner til striden ute på den veldige prerien,  
der de har brote nytt land og lagt under plog.

Der det fyrr var uendeleg audt og snaudt, derbyl-  
jar no mektige kornåkrar for solgangsvinden.

Og gode heimar med skoglundar og hagar ikring  
har reist seg der det fyrr berre var tilhelde for  
villdyr og farande fant.

Men det har kosta so mang ein sveitedrope og vakne  
næter med verk i lemer og rygg og otte og angst  
for framtid og velferd.

Me kjenner til striden langs Alaska-kysten i uver  
og storm på fiske og fangst.

Me veit um det jagande, nerveslitande livet i stor-  
byen. Me kjenner den norske presten, dokteren,  
handverkaren, forretningsmannen, sjømannen.

Me kjenner alt det trufaste arbeidet dei norske  
konone og tenestgjentone gjer der vest.

Og sume av oss har møtt stor og festleg gjeste-  
venskap i koselege norske byheimar i Statane og

Kanada og ute på bygdene.

Me veit at dei norske ikkje styrer land og rike der burte. Men me veit at dei som få andre nasjonalitetar er med og byggjer landet, at dei er trufaste, pålitande og godt opplyste arbeidsmenneske som er sedde på med vyrdnad og tiltru, og som gjer æra på heimlandet sitt.

Og i røyndi vilde det vera um det <sup>underleg</sup> ikkje skulde vera so. For det er då av det beste i det norske folket me har gjeve til Vesterheimen. Den ungdomen som hadde mest fantasi, mest framtak og mest fortetta arbeidsvilje.

Det lette, det tankelause og flagrande har gått fort til botnar der burte. Men det sterke, det stålsette har vorte endå meir fast og seigt i den åndelege veden.

Dette slaget er det me møter her i dag. Dykk er det me helsar velkomne.

De har sett føtene på norsk grunn i dag, i hovudstaden for Vestlandet, denne byen som mange av oss trur rett snart skal syna seg vera den norskaste i lande.

Me trur de har ~~xxxx~~ set fram til denne stundi med spaning og gleda.

Fedrelandet og serleg heimbygdi har vakse og vorte vakrare og skirare i draumane dykkar, kanskje altfor strålande.

Men me veit at de har fått i mengdevis av brev her frå landet fyllte med jammer ~~y~~yer kor dårleg det står til her heime. I fjor var det ein gamal bonde i Kanada som spurde meg um det var sant at alle kommunone i Norge hadde gått falitt. So de er vel budde på litt av kvart.

Og når de no kjem ut på bygdene, vil de sikkert treffa nok av hylekonor, karar og kvinnfolk som sutrar og klagar yver alt og alle. Kanskje vil de segja at dei har rett i sumt. Men eg vonar at de skal finna at alt her heime ikkje er so gale som det lèt til. Ei kveldstund eg sat ute på preri-en i fjor sa ein eldre ungar til meg: "Herregud kor fine gjentone var heime."

Eg vil vona at ungarane her i salen vil synast det same, at dei er like fine som fyrr i gamle

dagar, endå um dei har klipt seg mange av dei.  
 Eg skulde ynskja at mange av dei beste ungarane  
 tykte at gjentone her var so fine og so vituge at  
 det var vel verdt "at forlate sin farm og sit Kjøp-  
 mannskap der vest og forbli hos sin hustru" her hei-  
 me. Men me bryr oss ikkje um at dei skal ta dei frå  
 oss og stryka ut or landet med dei.

~~Me ynskjer at mange av dykk, både gifte~~

Me skulde ynskja at mange av dykk, både gifte og  
 ugifte syntest at det var so godt og vent her  
 heime at de ikkje kunde reisa att, men finna det um-  
 umaken verdt å slå seg til her heime, og vera med i  
 den flokken som trur på Norge og som meiner at  
 det fylgjer ei serskild velsigning med det å bu  
 og byggja i fedrelandet.

For her er dei som trur på Norge trass i all  
 klynking og klaging, og kanskje dårleg stell,  
 er eit like godt land å bu i som noko anna land  
 på jordi. Men her er so mykje ugjort arbeid  
 her i landet. Og i dette arbeidet treng me all  
 den vilje og styrke som me råder yver.



Og de er herda i eit stort og hardt samfund.

Difor kunde de gjeva oss serleg god hjelp.

Velkomne heimatt.

er de  
Men ~~xxxxx~~ so fast bundne der burte, at de lyt  
reisa att, so skal de likevel vera hjarteleg vel-  
komne.

Ei mor tenkjer ikkje berre på den eldste sonen,  
han som skal sitja på garden. Ho tenkjer på alle  
borni sine, fylgjer dei med varme bønner og um-  
sut. Elles var ho ikkje ei skikkeleg mor.

Sameleis må det og vera með den norske mori, det  
norske fedrelandet. Og det norske fedrelandet  
er ikkje berre fjell og sjø og jord, men det er  
fyrst og sist det norske folket, her heime og  
der ute. Då vert fedrelandet vårt og større,  
og rikare.

Ser de mangt her heime som de ikkje likar og ikkje  
kann vera samde i, so må de ikkje kritisera for  
sterkt. Me lyt leva vårt liv og veksa vår eigen,  
sjølvstendige vokster. Og det er ikkje all-  
tid at han kann vera sameleis som i eit stort

land og under andre breiddegrader. Det lyt de skyna. Men alt de kann gjeva oss av velviljug og skynsam rettleiding og kritikk, det tek me med takk imot.

Er mangt og mykje umsnutt og nytt sidan de for heimanfrå, so er det i alle fall dei same fjelli. Og sjøen skvalar um fluer og skjer og smyg seg langs strendene som i gamle dagar.

Måsar og ann<sup>sjø-</sup>an fugl sigler som fyrr.

Bjørkeskogen har same angen som då de var born, og graset er grønt som aldri fyrr, Vestlandsgrønt og friskt som ingen stad i verdi. Og målet er det same, endå det har havt sterk påkjenning. Og har du nokon gong høyrte vakrere mål enn det mor di bruka då ho sulla deg i svevn um kvelden heime i den gamle stova?

Ja velkomne til det altsaman  $\bar{\text{I}}$  Måtte de drikka helsebot for slitne ne<sup>n</sup>var og trøytt armar, måtte de samla styrke til det som står att av livsstriden, anten han vert her heime eller der ute.